

Uttale frå Lesja eldreråd.


Gjeld forskrift til kommunelova for eldre § 5 -12.

- Det er viktig at det som skal vere eldrerådets rettar og arbeidsområde kjem tydeleg fram i forskrifta.
- Det må gå tydeleg fram i forskrifta at dei kommunale eldreråda skal ha sekretærhjelp!
Talet på medlemmer i rådet må ikkje vere under fem, men må naturleg varierer i forhold til kommunens folketal/størrelse.
- Det må framleis vere Pensjonistforbundet som kjem med forslag på medlemmer til eldrerådet. Med det meiner vi at forslaga bør komme frå den/dei lokale pensjonistlaga.
- Alder på medlemmene som blir valde til medlemmer i eldrerådet kan vere av betydning. Ein hovudregel kan vere at ei nedre aldersgrense for nye medlemmer er 65 år. Øvre aldersgrense er vanskeleg å sette då funksjonsevna er svært ulik frå person til person.
- Det er viktig at eldreråda skal vere med å behandle alle saker som gjeld eldre (jamfør eldrelova frå 1991). Med det meiner vi at eldrerådet skal vere med å behandle alt frå plan - byggesaker til saker som gjeld omsorg.

- I saker som gjeld levekår og omsorg bør eldrerådet, på linje med andre kommunale råd, ha møte og talerett i kommunestyre og i formannskap.
- For at eldrerådet på eit tidspunkt så tidleg som råd er skal få innsyn og oversikt over aktuelle saker, er rådet avhengig av ein kommunal sekretær. Dette må og vere eldrerådet sin sekretær. Rådet kan då på eit tidleg tidspunkt vurdere saker som er aktuelle for rådet slik det går fram av § 2. Sekretæren kan hjelpe med å utforme og vidareformidle eldrerådet sine vedtak.
- Når eldrerådet har utforma ei innstilling/uttale om saker som vedkjem eldre i kommunen MÅ kommunestyret ha plikt til å handsame denne. Dersom ikkje dette skjer vil eldrerådets arbeid vere bortkasta! Eldrerådet må sjå at arbeidet dei gjer har reell betyding til glede for den eldre generasjonen i kommunen. !
- Når det gjeld om eldreråda bør ha vedtaksrett i saker, meiner vi at det vil vere naturleg.

Eksempel på dette bør kunne vere kommunens arbeid med «den kulturelle spaserstokken». Vi meiner at eldrerådet truleg er best kvalifiser til å legge til rette/organisere desse kulturmidlane til glede for flest mogeleg av eldre (godt vaksne) i kommunen.

Lesjaverk 18. 03.2019


Jorunn Krokrud,

Leiar i Lesja eldreråd.